Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Ymse attåtfor

Oppskr. av: Erik Bye

(adresse): Svorkland p.o

Fylke: S. Tröndelag

Herad: Skaun

Bygdelag: Skaun

Gard: Bye (vestre)

G.nr. 55 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eige röynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A Ymse rötter.

1. Ein sankar ikkje lenger rötter her i Skaun. For omlag 80 år sidan var det brukt å sanke litt rötter, og det var helst husmenner og småbruka som gjorde det, og da som naudfor.

2. Nei, ein gir ikkje desse kvekerötter lenger til dyra, men når harva har rive deim opp rakar ein deim saman i haugar – enten med handrive (på mindre bruk) eller med rivjaskari (på större bruk) og kjörer heile greia vekk på ein avsides stad og brenner opp, for at ikkje dette slemme ugraset skal koma att i åkeren.

3. Det kjenner eg ikkje til. Om så er at slike rötter ein gong i tida har vore brukt, må det vera over 1-konske 2 hundre år sida.–

4/ Somme konske kjöyrde deim heim i bekkhaugar, men eg trur helst, det var trillbåra som var mest brukt – da det – som ovanfor nemnt – var helst småbrukarar og husmenner som brukte desse forslag

5/. Det kan ein nok gjera når ein törkar dei litt fyrst, men elles var det vanleg at ein fora opp rötterne, så snart dei var opptatt.–

2374

6/ Ikkje anna enn som naudfor.

B. Bregner (klom) brukes ikkje lenger som for.

II. Tang og tare har aldri vore brukt her, da Skaun er å rekne for innlandsbygd nærast.

III. Einerris brukes og til enda.
IIII. Hestemokk brukes ikkje no.
V Sørpe
1. Nei, ein koker ikkje sørpa til dyra lenger, og ikkje veit eg om det har vore vanleg brukt før heller.
2. Ein nyttar sørpe av hakkels blanda med agne – bygg og havragne – slik ein har det før blanda og fôkta med litt vatn, og på sørpa brukar ein attåt nope og dessutan litt bygg og havremjøl.
3/ Sørpa brukar ein til vanleg kost.
Etter fødsel eller sjukdom brukar ein i det heile ikkje sørpe for dyre etter dyra er heilt godt att.
4/. Nei, ikkje no lenger.

5/. Det var tildels brukt for omlag 70 à 80 år sidan, men ikkje no lenger.
6. Brukes heller ikkje.
VI. Fiskeavfall.
1. I den seinare tid har det alltid ikkje vore brukt anna fiskavfall enn sild, og da nykje godt gammall sild som ein må rekne id godt for ein har ho oppi kukubba.

2374

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING